


## Utgraving langs elva

15.04.2012



Elva grep stadig meir ved Heio, klagar grunneigar (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Grunneigar Astrid Døssland, som bur i Bergen, klagar til kommunen over utgraving langs elva ved Heio.**

**Elva grep seg stadig lenger inn og vaskar bort jorda langs elvekanten. Landskapet er ikkje til å kjenna att samanlikna med korleis det var før, skriv ho til kommunen.**

Der det før var jordsti er det i dag berre store steinar og uframkomeleg. Får elva grave vidare kan det skje utrasing og dyrka mark også gå tapt. Det har allereie rasa nokre plassar.

Grunneigaren ynskjer å få dette vurdert og om mogeleg søke om økonomisk støtte til forbygning. Dette kan også vere av interesse for idrettslaget, held ho fram i brevet til Ivar Kåre Døssland i kommunen.

Ho legg ved ei rekke fotografiske døme på det som har skjedd, mellom anna eitt av den steinfylte stranda der det før var jord, gras og til og med kvitveis. Det var opptrakka sti frå løa til Døssland og ned langs heile elvekanten.

Av Ola Matti Mathisen